


Myklebust om hjernen til veka

17.03.2010



Pendlar Reidar Myklebust foran båten han reiser til Bergen med kvar dag.

No kjem turen til ein uskedeling som forelesar i det nystarta Senioruniversitetet.

Reidar Myklebust, professor i anatomi ved Universitetet i Bergen, skal snakka om hjernen vår på marsmøtet, som blir avvikla på Husnes onsdag i neste veke.

Myklebust arbeider ved institutt for biomedisin på medisinsk fakultet der han underviser medisinstudentar. Han bur heime på Rabben i Uskedalen, men pendlar med båt mellom Rosendal og Bergen.

Tidlegare var han knytt til Universitetet i Tromsø i 18 år, til han for 9 år sidan fekk stillinga i Bergen.

I foredraget sitt på føremiddagen onsdag 24. mars vil Myklebust visa korleis hjernen er bygd opp og fungerar. Han kjem også inn på kva som kan føra til ulike alderdoms-sjukdomar som til dømes Alzheimer.

Myklebust har attest for å vera ein dyktig formidlar, og han trivst best med tavle og fargekritt, skriv Kvinnheringen. I Senioruniversitetet må han av praktiske grunnar nytta PC og prosjektor.